

# Internet Explorer med Window-Eyes





# Internet Explorer med Window-Eyes

Tor Ulland  
Statped sørøst, fagavdeling syn  
2014

© Statped, 2014

ISBN trykt utgåve: 978-82-323-0106-6

ISBN elektronisk utgåve: 978-82-323-0107-2

# Innhald

Forord .....	6
Nettsurfing med og utan syn .....	7
Programversjonar og konvensjonar .....	8
Utstyr.....	8
Lesemodus .....	8
Tekstvising på leselist og med talesyntese.....	9
Navigering på websider.....	13
Overskrifter, rammer og lenkjer.....	13
Hoppa over lenkjer .....	14
Fleire navigasjonstastar .....	14
Enkle sider å starta med.....	15
Virtuelt søk .....	16
Tabellar .....	16
Navigera mellom sider .....	19
Fanebasert weblesing .....	20
Skjema på websider.....	21
Arbeida med ulike skjemakontrollar .....	22
Merka og kopiera tekst.....	23
Ulike språk på websider .....	24
Plassmerke .....	25
Nedlasting av filer.....	26
RSS på websider .....	27
Nettbank og BankID .....	28
Bruka favorittar.....	29
Kommandooversikt .....	30
Hurtigtastar i Window-Eyes .....	30
Dei viktigaste hurtigtastane i Internet Explorer .....	32
Fullstendig liste over hurtigtastar i Internet Explorer 10 .....	33

## **Forord**

JAWS, Supernova og Window-Eyes er dei tre skjermlesarane som er mest brukte i Noreg. Statped sørøst, fagavdeling syn har tidlegare laga hefte som gir informasjon om korleis ein kan bruka skjermlesarene JAWS og Supernova med Internet Explorer. Fram til no har det mangla eit hefte om korleis Window-Eyes kan brukast med Internet Explorer for å surfa effektivt på nettet. Med dette heftet håpar me å kunna bøta på denne mangelen.

Å koma ut med eit slikt hefte er spesielt aktuelt no. I januar 2014 vart Window-Eyes gratis for alle brukarar av Microsoft Office 2010 og seinare versjonar. Kva dette vil føra til når det gjeld utbreiing og bruk, er vanskeleg å seia, men det er i alle fall viktig at alle som ønskjer å prøva ut programmet, har eit læremateriell dei kan bruka når dei ønskjer å surfa på nettet. Programmet kan lastast ned frå  
<http://www.windoweyesforoffice.com/>

Dette heftet er først og fremst skrive med tanke på lærarar i grunnskulen og vaksenopplæringa som skal undervisa personar som er blinde, i bruk av Window-eyes med Internet Explorer. Men det kan også fint brukast av synshemma som anten har Window-Eyes og ønskjer å læra meir, eller av personar som har ein annan skjermlesar, og som no ønskjer å utforska eit "gratis" alternativ.

# Nettsurfing med og utan syn

Å bruka Internet Explorer med skjermlesar skil seg mykje frå slik ein sjåande vil bruka programmet. Dei fleste som er sjåande, får raskt eit overblikk over elementa på sida. Dei kan straks ta til å lesa informasjonen dei er ute etter, som til dømes kan vera hovudinnhaldet på sida. Overblikket får dei gjennom visuelle verkemiddel som er nytta. Noko er kanskje skrive med ein annan farge. Overskrifter er kanskje skrivne med større skrift og i ein annan skrifftype osv. Når ein som ser, går inn på ei nettavis for å lesa ein artikkel, tar det ikkje lang tid å finna fram til kvar artikkelen begynner.

Ein som er blind derimot, får ikkje denne oversikten. Han får berre informasjon om ein liten del av skjermbiletet. Ein talesyntese les teksten frå toppen av skjermen og nedover. Ei leselist viser mindre enn ei linje om gongen. Det er då ikkje mogeleg å »kasta eit blikk» på skjermen for å finna den relevante informasjonen. Ein skjermlesar har difor ulike kommandoar som skal gjera det enklare å finna fram på ei webside. Er du i ei nettavis, vil du sannsynlegvis finna overskriftene på sida. Er du på eit skjema for nummeropplysningsteneste, vil du sannsynlegvis finna feltet der du kan skriva inn namnet på den du vil søkja etter osv. Skjermlesarane inneheld kommandoar for å finna slike element på ei nettside slik at du slepp å lesa heile sida frå toppen og nedover for å finna det du er interessert i. For å navigera på denne måten, må den som nyttar skjermlesaren hugsa ein del kommandoar, og han må ha detaljkunnskap som gjer at han veit kva han skal søkja etter.

Etter at nettsida er lasta, vil skjermlesaren lesa opp litt informasjon om kva for element som finst på sida. Du får t.d. vita kor mange overskrifter, lenker, rammer, landemerke, tabellar osv. som finst på sida. Denne informasjonen kan du bruka for å finna fram til det du er interessert i. Det er ingen vits i å leita etter overskrifter på ei side viss overskriftene ikkje er merka som overskrifter. Då må ein bruka andre metodar.

Ein viktig føresetnad for at navigering med skjermlesar skal vera mogeleg, er at websida er utvikla etter prinsipp om universell utforming. Då vil t.d. overskrifter vera merka slik at skjermlesarbrukaren kan hoppa til overskriftene med ein kommando.

I andre program, som Microsoft Word, er det mogeleg å læra seg prosedyrer for å utføra ein operasjon, utan eigentleg å forstå kva ein gjer. Å laga ein prosedyre for å finna tekstinnhaldet i ein artikkel i ei nettavis er ikkje mogeleg. For å navigera effektivt på ei nettside er det nødvendig å forstå kva dei ulike elementa er, og når det er lurt å bruka den eine eller den andre kommandoen.

Ulike skjermlesarar som Window-Eyes, JAWS, NVDA osv. har mykje av den same funksjonaliteten. Mange kommandoar er like, og måten å arbeida på er òg ganske lik. Men ein del kommandoar og framgangsmåtar er spesifikke for kvar skjermlesar. Å skriva heilt generelt om Internett med skjermlesar er difor vanskeleg.

## Programversjonar og konvensjonar

Dette heftet tar utgangspunkt i at du brukar Internet Explorer 10 for Windows 7 eller skrivebordsversjonen av Internet Explorer 10 for Windows 8. I Windows 8 finst det òg ein enklare app-versjon av Internet Explorer som særleg er tenkt brukt med touchskjermar. Denne versjonen vert ikkje omtala i dette heftet.

Dei fleste arbeids- og framgangsmåtane som er omtala i dette heftet, kan du og brukar dersom du har andre versjonar av Internet Explorer eller ein annan weblesar.

Sjølv om det er Internet Explorer som er nytta her, kan Window-Eyes òg nyttast med andre weblesarar, som til dømes Mozilla Firefox. Framgangsmåtar og kommandoar i Window-Eyes vil vera dei same. Men det kan henda at weblesaren i ein del tilfelle brukar andre tastekommandoar enn Internet Explorer. Ønskjer du å brukar ein annan weblesar, kan du brukar hjelpp-kommandoen for den weblesaren for å finna ei liste over hurtigkastar.

Window-Eyes-versjonen som vert nytta i dette heftet, er 8.4, men skilnaden vil sannsynlegvis ikkje vera så stor sjølv om du brukar ein annan versjon.

I dette heftet er namna på tastar og kommandoar skrive med store bokstavar. Står det: "trykk N.", skal ein trykkja ein vanleg n på tastaturet **og ikkje SKIFT+N**.

Når det står at du skal trykkja SKIFT+N, vil det seia at du skal halda nede SKIFT og trykkja n.

Står det t.d. at du skal trykkja >, T, skal du ført trykkja større-enn-teiknet og deretter bokstaven t.

Står det lista opp fleire kommandoar med | (stolpe) mellom kommandoane, skal kommandoane utførast etter kvarandre.

## Utstyr

Når du skal surfa på Internett, er det ein fordel å brukar både leselist og syntetisk tale. Du kan greia deg med berre ein av delane, men det vert ofte enklare, og det går raskare viss du kombinerer begge måtane å få informasjon på. Informasjonen som vert gitt, er delt på to kanalar. Talesyntesen seier ein del som ikkje står på leselista. Når du går inn på ei side, vil t.d. talesyntesen seia kor mange overskrifter, lenker og tabellar det er på sida. Denne informasjonen står ikkje på leselista.

## Lesemodus

Når du brukar eit program som Microsoft Word, har du eit skrivemerke som du kan flytta rundt i teksten. Noko slikt finst ikkje i Internet Explorer. Ein sjåande vil ofte måtta navigera seg rundt i eit Web-dokument ved å klikka med musa på rullefelta. Når du brukar Window-Eyes, vil Internet Explorer fungera omrent på same måte som eit tekstbehandlingsprogram. Window-Eyes brukar ein virtuell (usynleg) markør som gjer at du kan flytta deg rundt i teksten på same måte som i ein tekstbeandler. Du kan pila opp og ned, venstre eller høgre. Du kan brukar PAGE Down eller PAGE Up osv.

Alle lesekommendoar som kan brukast i Word, kan òg brukast i Internet Explorer. Det gjeld t.d.:

Les teikn (CTRL+NUM 4)

Les ord (CTRL+NUM 6)

Les linje (CTRL+NUM 5)

Les alt (CTRL+SKIFT+R) osv.

Lurer du på kva side du er inne på, kan du anten bruka Window-Eyes sin kommando for å lesa tittelen på dokumentet (CTRL+SKIFT+T), eller du kan gå til toppen av vindauga med leselista og lesa tittelen. Du kan gjera på same måten viss du lurer på kor langt nedlastinga av ei side er komen. Anten kan du trykkja INSERT+CTRL+S for å lesa statuslinja, eller du kan gå til botnen av vindauga med leselista og lesa statuslinja.

## Tekstvising på leselist og med talesyntese

Når Window-Eyes presenterer informasjonen på ei webside, les ikkje programmet teksten slik han framstår på skjermen. Det som skjer, er at programmet går "bak" den synlege teksten og hentar ut informasjon frå HTML-koden. Kor godt Window-Eyes greier å presentera informasjonen på ei side, kjem difor an på korleis sida er koda. Skal ein laga ei overskrift på ei side, gjer mange det ved å gjera skrifta litt større, kanskje endra skrifttype, midtstilla overskrifta e.l. Dette er ikkje nok til at Window-Eyes kan presentera teksten som ei overskrift. For at Window-Eyes skal kjenna igjen ein tekst som ei overskrift, må teksten vera koda som ei overskrift, - dvs, at ein må ha brukt HTML-taggen for overskrift.

Når du opnar ei side i Internet Explorer, kan det ta litt ekstra tid når du brukar skjermlesar. Etter at sida er lasta inn, går Window-Eyes gjennom sida og du får vita kor mange overskrifter, lenkjer, tabellar osv. det er på sida. Talesyntesen kan seia: "25 lenker, 14 overskrifter."

Det er viktig å ta seg tid til å høyra på den informasjonen Window-Eyes gir når du opnar ei side, fordi informasjonen kan gjera det lettare å finna fram på sida. Du kan t.d. bruka kommandoar for overskrifter, lenkjer eller rammer for å navigera på sida.

Viss du vil ha endå meir informasjon om kva element som finst på sida, kan du trykkja kommandoen CTRL+SKIFT+S. Då vil talen lesa ei oppsummering som tar med dei fleste elementa på sida.

Når du brukar Window-Eyes, går det an å pila seg nedover på ei webside på same måte som du kan pila i eit Word-dokument. Det er då viktig å vera klar over at ei webside vil sjå heilt annleis ut med leselist eller syntetisk tale enn ho gjer på skjermen. Ofte vil ei webside innehalda ei rad med hovudlenkjer på toppen. I tillegg er det ofte ei spalte med lenkjer til venstre på sida. Sjølv teknen som du ønskjer å lesa, står kanskje midt på sida. Window-Eyes vil sannsynlegvis først visa lenkjene på toppen. Så kjem lenkjene i venstre spalte. Deretter kjem kanskje hovudteksten på sida, og til slutt vert ev. lenkjer i høgre spalte eller på botnen av sida vist.

Window-Eyes presenterer kvar lenkje på ei eiga linje. Dersom det er ei linje med fem hovudlenkjer på toppen av ei side, må du altså pila fem gonger nedover for å lesa desse lenkjene. For ein som brukar skjermlesar, er det difor ikkje utan vidare mogeleg å vita om ei gruppe med lenkjer ligg under kvarandre eller på ei eller to linjer.

Etter at du har pila "ned" gjennom lenkjene på øvste linje, kan du halda fram og pila gjennom lenkjene i venstre spalte. Sidan Window-Eyes legg spalter på websider under kvarandre, kan du altså gå gjennom ei heil side ved berre å pila nedover.

Skal du finna ein tekst som ligg på toppen av høgre spalte på ei side med tre spalter, kan du gjera det ved først å pila ned gjennom venstre spalte, så kan du pila gjennom all tekst og alle lenkjer i midten, og så først kjem du til toppen på høgre spalte. Skjermlesaren gir ingen indikasjon på at du er på toppen av høgre spalte. Tvert imot ser det ut som om du er langt nede på sida.

For ein sjåande lærar som underviser ein blind elev, kan det vera eit problem at sida blir presentert så ulikt på skjermen og på leselist/syntetisk tale. Det er ofte vanskeleg for ein lærar å forstå kvar på sida den blinde er. Mange lærarar har ofte problem med å frigjera seg frå det dei ser på skjermen. Dei blir opptatt av det synlege biletet og greier ikkje å forhalda seg til det virtuelle biletet Window-Eyes gir på leselista eller med talesyntesen. Det er viktig at læraren greier å ta inn informasjonen Window-Eyes gir, og han bør difor venna seg til å høyra kva den syntetiske talen seier. Kommandoen INSERT+NUMPAD PLUSS kan hjelpa til å visa kvar det virtuelle fokuset er. Med denne kommandoen vert musepeikaren flytta til den staden på skjermen der den syntetiske talen les eller leselista er.

Window-Eyes har òg ein såkalla leselistvisar (punkt vindu) som kan aktiverast for å hjelpe læraren med å finna ut kva som vert vist på leselista. For å aktivera denne kan du gjera følgjande:

Gå inn i Window-Eyes kontrollpanel (CTRL+OMVENDT SKRÅSTREK).

Vel PUNKT.

Vel Oppsett.

Trykk TAB til Vis punktvindu, og sett verdien til Ja.


Punkt vindu legg seg som eit lite vindauge øvst på skjermen, og den viser det same som ein kan sjå på leselista.

For å få eit inntrykk av korleis Window-Eyes presenterer ei webside, kan du merka all tekst på sida med CTRL+A. Så kan du kopiera sida med CTRL+C og lima teksten inn i Microsoft Word eller eit anna tekstbehandlingsprogram. Dersom lesemodus er aktivert i Window-Eyes når du gjer dette, vil sida få om lag same utsjånad i Word som ho har i Internet Explorer på leselista. Læraren kan då ev. skriva ut teksten frå Word og samanlikna det han ser på papiret med det som vert vist på skjermen i Internet Explorer. Den einaste skilnaden mellom det ein lærar vil sjå i si papirutskrift, og det ein elev vil sjå på leselista, er at lenkjer og redigeringsfelt vil vera markerte på leselista, men ikkje på papiret. På papir vil ei lenkje berre framstå som ein vanleg tekst. Men oppsettet vil vera heilt likt.

Slik ser [www.google.no](http://www.google.no) ut med Window-Eyes 28. mars 2012. Her er teksten tatt med akkurat slik han vert vist på leselista. (Der det står "In" på leselista seier talesyntesen "lenke". Der det står "rb" seier den "redigeringsboks", og "kn" vert uttala "knapp".)

toppen  
on click  
Kommer du hit ofte? Gjør Google til din startside!  
Ja takk! on click  
Helst ikke on click  
liste 1 med 11 punkter med 1 underlister  
In +deg  
In Søk  
In Bilder  
In Kart  
In Play NYHET  
In Nyheter  
In Gmail  
In Dokumenter  
In Kalender  
In Oversetter  
In Mer  
slutten av liste 1  
liste 2 med 2 punkter med 1 underlister  
  
In Logg inn  
slutten av liste 2  
Close on click  
For raskere surfing på nett.  
In Installer Google Chrome  
Norge  
rb søk  
kn Google-søk  
kn Jeg prøver lykken  
Google.no nå tilgjengelig på on click  
In norsk (nynorsk)  
In Annonsér med Google  
In Forretningsløsninger  
In Alt om Google  
In Gloggle.com in English  
In iGoogle  
In Endre bakgrunnsbildet  
bunnen

Slik ser det same ut for ein som ser.:



# Navigering på websider

Når du opnar ei ny webside, vil Window-Eyes først annonsera kor mange lenkjer, overskrifter og tabellar det er på sida. Deretter begynner programmet i standardoppsettet å lesa opp dei 24 første linjene på sida. Alle lesekommndoar som kan brukast elles, kan òg brukast på Internett. (Sjå fullstendig liste over lesekommndoar bak i heftet.)

Window-Eyes har mange kommandoar som gjer det enklare å navigera rundt på ei webside. Som nemnt kan du bruka piltastar, PAGE UP og PAGE DOWN, men dette blir i praksis ganske tungvint. Første gong du er inne på ei ny side, kan det vera ein god framgangsmåte å pila gjennom all tekst og alle lenkjer for å gjera deg kjent med oppbygginga og innhaldet på sida. Men når du er litt meir kjent på ei side, bør du bruka ein kommando for å koma raskt til det du er ute etter.

## Overskrifter, rammer og lenkjer

Window-Eyes har ein dialogboks der du kan få opp lister over lenkjer, rammer, tabellar, overskrifter og andre element på sida. Kommandoen for å gå inn i denne dialogboksen er INSERT+TAB. Standarden er at du får opp ei liste over lenkjene på sida, men viss du trykkjer SKIFT+TAB ein gong, kjem du inn i ei liste med radioknappar der du kan velja at dialogen viser andre element.

Kor mange elementtypar du kan få vist, kjem an på kva som finst på sida. Då dette vart skrive var det t.d. mogeleg å få vist to typar element (lenkjer og tabellar) på framsida på m.vg.no Framsida på [www.bt.no](http://www.bt.no) hadde 9 ulike element (lenkjer, rammer, tabellar, overskrifter, lister, anker, skjema, skjemafelt og plassmerke/landemerke).

Dersom det er brukt overskrifter på ei side, kan du trykkja INSERT+TAB | SKIFT+TAB | O for å få opp lista med overskrifter. Du kan då bruka piltast nedover i lista og ENTER når du har funne den overskrifta du ønskjer. Kjenner du første bokstav i overskrifta, kan du trykkja denne bokstaven, og du vil då gå frå overskrift til overskrift som begynner med denne bokstaven.

Viss du ikkje ønskjer å henta opp lista med overskrifter, kan du trykkja bokstaven H (heading) for å hoppa frå overskrift til overskrift. På den måten kan du sjekka det som står rett under overskrifta for å finna ut om det er dette du ønskjer å lesa. Du kan hoppa motsett veg med SKIFT+H.

På Internett som i t.d. Microsoft Word kan det vera overskrifter på ulike nivå, dvs. hovudoverskrift, underoverskrift, under-underoverskrift osv. Dersom du kjenner ei side godt, og veit kva nivå overskrifta ligg på, kan du hoppa til overskrifter på eit bestemt nivå. Trykkjer du talet 1 på det vanlege tastaturet (ikkje det numeriske tastaturet til høgre) etterfølgd av bokstaven H, hoppar du frå overskrift til overskrift på nivå 1, dvs. hovudoverskrifter. Talet 2 | H hoppar frå overskrift til overskrift på nivå 2 osv. heilt ned til nivå 6. Du kan gå motsett veg med tal+SKIFT+H. Trykkjer du 2 | SKIFT+H, hoppar du altså bakover frå overskrift til overskrift på nivå 2.

På same måte som du kan visa overskrifter, kan du òg få opp ei liste over rammene på ei side. Trykk INSERT+TAB | SKIFT+TAB | R. Ei side kan t.d. ha ei "Meny-

ramme", ei "Topp-ramme", ei "Hovedramme" osv. Sjølve teksten på sida vil ofte stå i ramma som heiter "Hovedramme" eller "Main frame". Du kan då i ein del tilfelle koma rett til det du vil lesa, ved å gå til ramma som heiter "Hovedramme" og trykkja ENTER. Viss du ikkje vil henta fram lista over rammer, kan du trykkja bokstaven M for å gå frå ramme til ramme eller SKIFT+M for å gå motsett veg. Rammer er kanskje mindre nytta no enn tidlegare, men der dei finst, kan du nyttiggjera deg Window-Eyes sine kommandoar for å finna raskare fram på sida.

Det ein oftast har behov for å finna på ei webside, er lenkjer. Når du trykkjer INSERT+TAB, vil dialogboksen som standard visa ei liste over lenkjene på sida. Du kan pila nedover i denne lista, men du kan òg brukka forbokstaven for å finna den lenkja du er ute etter. Dei fleste aviser har ei lenkje som heiter "nyheter". Du kan då trykkja INSERT+TAB og n til du kjem til lenkja "nyheter". Du trykkjer så ENTER for å opna lenkja.

Internet Explorer viser kva lenkjer du har vore inne på tidlegare. Når du brukar Window-Eyes, kan du trykkja bokstaven V (visited link) for å finna lenkjer du har vore inne på før. Dersom du alltid går inn på same lenkja på ei side, kan dette vera ein rask måte å finna lenkja på.

Window-Eyes har òg kommandoane L og SKIFT+L for å hoppa frå lenkje til lenkje. Dei vanlege Internet Explorer-kommandoane TAB og SKIFT+TAB kan sjølv sagt òg brukast for å gå frå lenkje til lenkje, men desse kommandoane vil òg gå til skjemakontrollar på sida. L og SKIFT+L går kun til lenkjer. Både L og SKIFT+L, TAB og SKIFT+TAB blir ofte mindre effektivt enn å brukka lenkelista.

## Hoppa over lenkjer

På svært mange websider, for eksempel i aviser går dei same lenkjene igjen frå side til side. På toppen og i venstre spalte kan du finna dei same lenkjene same kva side i avis du er inne på.

Når ein har opna ei lenkje og kjem inn på ei ny side der ein får dei same lenkjene som på førra side, trur nokon at det ikkje har skjedd noko. Dei trur dei er på same sida som dei var før dei trykte ENTER på lenkja. Det er difor viktig å gjera merksam på fenomenet med at dei same lenkjene vert gjentatt frå side til side.

Dersom det verken er brukt overskrifter eller rammer som gjer at du kan hoppa direkte til teksten du vil lesa, må du brukka kommandoen for å hoppa over lenkjer. Det vert jo meiningslaust å pila seg gjennom dei same lenkjene på kvar einaste side.

Kommandoen for å hoppa over lenkjer er N eller SKIFT+N for å gå motsett veg. Med denne kommandoen vil den virtuelle markøren flytta til første tekstu som ikkje er ei lenkje. For å finna den teksten du ønskjer å lesa, må du kanskje trykkja N fleire gonger.

## Fleire navigasjonstastar

Window-Eyes har, i tillegg til N for å hoppa over lenkjer, svært mange tastekommandoar for å gå til ulike element på ei side. Ein del av desse kommandoane vil du òg finna i sidenavigasjonsdialogen som du kjem til med

INSERT+TAB. Alle desse kommandoane er òg slik at du kan leggja til SKIFT for å flytta bakover.

Med kommandoane P og SKIFT+P kan du hoppa til neste eller førre avsnitt. Window-Eyes vil då lesa avsnittet du hoppar til. Dette kan vera ein grei måte å skumlesa ei side på. Viss du leitar etter noko på ei side, kan du gå frå avsnitt til avsnitt med P og så høyra så mykje av avsnittet som er nødvendig. Du kan òg brukka kommandoene <, P for å hoppa til første linje i noverande avsnitt eller >, P for å hoppa til siste linje i avsnittet.

Kommandoane S og SKIFT+S hoppar til neste eller førre liste på ei side. For å lesa ei liste kan du anten pila nedover eller trykkja I (item). SKIFT+I fører sjølvsgart til førre punkt. Lister kan du òg finna i dialogboksen for sidenavigasjon med kommandoen INSERT+TAB. Trykk så ALT+I for å visa listene på sida. Her fungerer òg <, s for å hoppa til byrjinga av ei liste og >, s for å hoppa til slutten av lista. Å kunna hoppa over lister på denne måten kan i ein del tilfelle vera svært nyttig. I aviser står det ofte: «Les også». Så kjem det ei liste med lenker og litt tekst under kvar lenke. Viss du ønskjer å hoppa over dette, nyttar det ikkje å trykkja N, for då kjem du berre til teksten som står rett under kvar lenke. Men dersom dette er sett opp i ei liste, kan du trykkja >, S og koma raskt forbi alt saman.

Med kommandoane G og SKIFT+G kan du gå til neste eller førre grafiske element. Dette kan anten vera eit reint bilet, ei grafisk lenke eller t.d. biletet av ein knapp. Grafiske element kan vera eit problem når ein brukar skjermlesar. Window-Eyes kan ikkje lesa grafisk tekst eller tolka eit bilet. Forfattarar av websider kan laga såkalla alternativ tekst til biletet. Men det vert ofte slurva mykje med dette, og svært mange bilete eller grafiske lenker manglar alternativ tekst. I slike tilfelle vil Window-Eyes lesa filnamnet for biletet. Dette kan gi informasjon, men det kan òg vera fullstendig meiningslaust. Eit namn som "nyheter/utenriks/artikkel.php?artid=10066384" seier ikkje særleg mykje, mens ei grafisk lenke med namnet "Klikk her for å se de siste tilbudene fra www.dell.no" gir god mening.

Ein kommando som kan vera nyttig i ein del tilfelle er D (different). Kommandoen vert brukt for å hoppa til neste element som er ulikt det elementet den virtuelle markøren står på. Står du t.d. i ei liste med lenker, kan du trykkja D for å finna noko anna.

Andre kommandoar er:

- A neste anker,
- SKIFT+A førre anker,
- Q neste blokksitat,
- SKIFT+Q førre blokksitat

## Enkle sider å starta med

Når ein skal gi opplæring i bruk av Internett, kan det vera ein fordel å begynna med sider som er så enkle som mogeleg. Døme på slike sider er sider som er laga for mobiltelefonar. Dette er ofte oversiktlege sider med få bilet og lite reklame. Dersom ein brukar skjermlesar, er det oftast enklare og raskare å finna fram på slike sider enn på vanlege websider.

For å undersøkja om nettstaden har ei mobilutgåve, kan du erstatta "www" i adressa med "m", "wap", "mobil" eller "mobile".

### **Døme på sider:**

Facebook	m.facebook.com
Yr (vêrvarsel)	m.yr.no
Finn.no	m.finn.no
Dagbladet	m.db.no
Aftenposten	m.ap.no
Nordlys	wap.nordlys.no
NRK	m.nrk.no
Nettbibelen	mobil.bibel.no

## **Virtuelt søk**

Window-Eyes har ein kommando for å søkja på ei side med den virtuelle markøren. Kommandoen er CTRL+SKIFT+F. Med denne kommandoen søker du på heile sida, - både den synlege delen og den delen som ikkje er synleg. Du søker derimot ikkje på andre sider.

Komandoen for virtuelt søk kan i ein del tilfelle vera svært nyttig. Dersom du veit at ein bestemt tekst står på ei webside, kan du søker etter denne teksten ved å trykkja CTRL+SKIFT+F, skriva teksten og trykkja ENTER. Dette kan i ein del tilfelle vera langt raskare enn å bruka andre Window-Eyes-kommandoar for å finna fram på sida.

I ei avis som Bergens Tidende er det, når dette vert skrive, slik at ordet "Publisert" står rett over dei fleste artiklane. Når du har trykt ENTER på ei lenkje for å lesa ein artikkel, finn du fram til teksten i artikkelen langt raskare om du søker etter ordet "publisert" enn om du brukar H for å hoppa frå overskrift til overskrift eller N for å hoppa til tekst som ikkje er lenkje. Begge desse metodane vil sjølv sagt òg føra relativt raskt fram til det du vil lesa, men ikkje like raskt som når du søker.

Har du først skrive inn eit ord i søkeboksen, står ordet der til du skriv eit nytt ord. Dette inneber at dersom du har skrive "publisert" ein gong, kan du neste gong berre trykkja INSERT+F for å søker etter same ordet. Dette vert då ein svært effektiv måte å finna tekst på.

Viss du står nedanfor teksten du søker etter og brukar CTRL+SKIFT+F eller INSERT+F, seier Window-Eyes "Finnes ikke".

Etterkvart som du sjølv blir meir kjend på ulike sider, kan du prøva å leggja merke til om det står faste tekstar rett i nærleiken av det du ønskjer å lesa.

## **Tabellar**

Tabellar vert ofte brukt for å formatera tekst på websider. Når du brukar Window-Eyes, får du opplyst når ein tabell begynner og sluttar. Det kan til dømes stå: "Tabell 1 begynner 3 rader 3 kolonner", og "Tabell 1 slutter" nedanfor tabellen.

Tabellar kan vera av to typar, layout-tabellar som vert brukt for å plassera tekst på sida der forfattaren vil ha den, og databellar som vert brukt for å visa data i tabellform. Window-Eyes fungerer slik at programmet ikkje markerer layout-tabellar.

For å hoppa frå tabell til tabell på ei webside kan du brukka kommandoen T eller SKIFT+T for å gå motsett veg. I dialogboksen som du finn med INSERT+TAB, kan du òg velja å visa alle tabellane på sida.

Window-Eyes har òg ein kommando for å hoppa til byrjinga eller slutten på ein tabell. Det er <, T for å hoppa til byrjinga og >, T for å hoppa til slutten. Å kunna hoppa til slutten av ein tabell kan i ein del tilfelle vera nyttig. Når dette vert skrive, er det slik at Dagbladet ofte har vêrmelding for stader som vert omtala i nyheitsartiklar, men les du ei nyheit om Telenor, er det som oftast ikkje særleg interessant å lesa vêrmeldinga for Fornebu. Då er det svært praktisk å kunna trykkja >, T for å hoppa over heile tabellen og koma til teksten i artikkelen.

Det er viktig å vera klar over at Window-Eyes presenterer innhaldet i ein tabell heilt annleis enn det vert vist på skjermen. Kvar celle i tabellen vil bli vist på ei eiga linje. Dersom ein tabell har to kolonner og to rader, vil det sjå slik ut:

Linje 1 viser innhaldet i kolonne 1 rad 1.

Linje 2 viser innhaldet i kolonne 2 rad 1.

Linje 3 viser innhaldet i kolonne 1 rad 2.

Linje 4 viser innhaldet i kolonne 2 rad 2.

På m.yr.no ligg ein tabell med oversikt over vêret i ein del av dei største norske byane for dei nærmaste tre dagane. Slik såg denne tabellen ut med Window-Eyes 27. juni 2012.

NOREG

tabell 2 begynner 6 rader 4 kolonner

onsdag

torsdag

fredag

In Oslo

Klårvêr

18°

Lettskya

17°

Kraftig regn

18°

In Bergen

Lettskya

18°

Lettskya

18°

Skya

17°

In Stavanger

Klårvêr

15°

Lettskya  
 15°  
 Delvis skya  
 15°  
 In Trondheim  
 Regn  
 11°  
 Delvis skya  
 13°  
 Delvis skya  
 19°  
 In Tromsø  
 Delvis skya  
 8°  
 Delvis skya  
 9°  
 Klårvær  
 10°  
 tabell 2 slutter

Slik ser same tabellen ut for ein sjåande:

NOREG				
	onsdag	torsdag	fredag	
<u>Oslo</u>	18°	17°	18°	
<u>Bergen</u>	18°	18°	17°	
<u>Stavanger</u>	15°	15°	15°	
<u>Trondheim</u>	11°	13°	19°	
<u>Tromsø</u>	8°	9°	10°	

Window-Eyes har eit eige tabellmodus som du kan slå på med kommandoen CTRL+NUMERISK PLUSS. Du slår det av igjen med CTRL+NUMERISK MINUS. I tabellmodus kan du bruka INSERT+PIL VENSTRE, HØGRE, OPP, NED for å flytta mellom celler og rader i tabellen. Det er her viktig å merka seg at du må bruka dei vanlege piltastane. Piltastane på det numeriske tastaturet fungerer ikkje. Derimot kan du bruka INSERT både på det numeriske tastaturet og på det vanlege tastaturet. For mange kan det vera praktisk å bruka NUMERISK INSERT fordi det då er enkelt både

å halda inne INSERT og trykkja PIL med høgre hand. Då kan du lesa innhaldet i tabellcella på leselista med venstre hand.

I databellar er første rad i tabellen ofte ei overskriftsrad. I ein del tilfelle kan det som står i kolonna lengst til venstre vera overskrifter for det som står på radene til høgre. Når du er i tabellmodus, kan du bestemma om Window-Eyes skal lesa:

- rad- og kolonnenummer,
- berre attributt,
- kolonneoverskrift,
- radoverskrift,
- kolonne eller rad,
- kolonne og rad

Du brukar kommandoen CTRL+SKIFT+H for å "bla" mellom desse verdiane. Viss du har valt "rad og kolonne" og flyttar til rad 2 kolonne 2, vil talen lesa: "Onsdag lenke Oslo Klårvêr" i tabellen over våret i dei største byane på Yr. Trykkjer du INSERT+PIL NED for å koma til rad 3 kolonne 2, vil talen seia "lenke Bergen onsdag Lettskya." Det er altså slik at om du flyttar bortover langs radene, les talen først radoverskrifta og deretter kolonneoverskrifta. Flyttar du nedover i ei kolonne vert radoverskrifta lese før kolonneoverskrifta.

Viss du stiller inn Window-Eyes til å lesa kolonne eller rad, les talen kolonneoverskrifta, når du trykkjer INSERT+PIL VENSTRE eller HØGRE, og radoverskrifta når du trykkjer INSERT+PIL OPP/NED. Dette vil i mange tilfelle kanskje vera ei betre innstilling, for det er når du byter rad at du treng å høyra overskrifta for raden, og når du går frå kolonne til kolonne, treng du å høyra overskrifta for kolonna.

I dei tilfella første cella i raden ikkje fungerer som ei overskrift, vil den beste innstillinga oftast vera "kolonneoverskrift".

Å lesa tabellar kan vera vanskeleg sjølv med den hjelpe Window-Eyes gir. Ein del tabellar kan vera så komplekse at det er nesten uråd å få oversikt over innhaldet.

## Navigera mellom sider

For å opna ei ny side, gå tilbake til førre side eller gå framover til ei side du har vore på før, brukar du dei vanlege "Internet Explorer-kommandoane".

For å opna ei ny side kan du anten gå til adresselinja med kommandoen ALT+D og skriva inn adressa, eller du kan trykkja CTRL+O og skriva adressa. Det er kanskje ein fordel å bruka CTRL+O fordi dette er same kommando som vert brukt for å opna eit dokument i Microsoft Word eller andre program. Du slepp då å læra ein ekstra kommando.

Anten du brukar adresselinja eller dialogboksen for å opna, kan du trykkja PIL NED for å bla gjennom adresser du har vore inne på før. Du kan då trykkja ENTER på den adressa du vil gå inn igjen på.

Med Internet Explorer 6 og tidlegare versjonar, kunne såkalla "popup-vindauga" vera eit problem når du gjekk inn på ei side eller opna ei lenkje. I Internet Explorer 7 og seinare versjonar er popup-blokking slått på som standard. Ønskjer du å slå dette av, kan du gjera det ved å gå på menyen Verktøy(E) | Popup-blokking(P) | Slå av Popup-blokking.

For dei fleste vil det ikkje vera aktuelt å slå popup-blokking av. Når du kjem til ei side der Internet Explorer treff på eit popup-vindauga, eller der det er aktuelt å lasta ned såkalla aktivt innhald, vil det som oftast koma opp ei informasjonslinje på skjermen. Det kjem ein liten lyd som indikerer at Internet Explorer har blokkert noko. Du kan då trykkja ALT+N for å lesa informasjonslinja og opna ein meny der du kan avgjera om du vil opna vindauga eller lasta ned det aktive innhaldet. Du brukar TAB for å flytta mellom vala på informasjonslinja.

Når du har gått inn på ei ny adresse eller følgd ei lenkje på ei side, kan du gå tilbake til førre side med kommandoen ALT+PIL VENSTRE eller SLETT BAKOVER-tasten. ALT+HOME fører deg heilt tilbake til startsida. Dersom du har følgd ei lenkje, og deretter blar tilbake igjen, vil den virtuelle markøren ofte stå på den lenkja som du gjekk inn på. Men det er ikkje alltid dette skjer. I ein del tilfelle, - kanskje særleg i avisar der noko har blitt oppdatert på den førre sida, - havnar lesemarkøren på toppen av sida. I ein del tilfelle kan du då koma tilbake til der du var med kommandoen INSERT+R.

For å bla framover brukar du kommandoen ALT+PIL HØGRE.

Når du opnar adresser eller blar fram og tilbake mellom sider, hender det at Window-Eyes ikkje er "heilt med". Sjølv om du har kome inn på ei ny side, og sida er ferdig lasta, kan det henda at Window-Eyes likevel seier "laster"... Du kan då bruka kommandoen INSERT+OMVENDT SKRÅSTREK for å få Window-eyes til å gå over skjermbiletet på nytt og oppdatera seg. Window-Eyes vil då seia "skjermen oppdatert".

## Fanebasert weblesing

Fanebasert weblesing er ein funksjon som kom i Internet Explorer 7. Den gjer det mogeleg å opna fleire webområde i eitt enkelt weblesarvindauga. Du kan opna websider i nye faner og gå mellom dei ved å trykkja CTRL+TAB. Viss du brukar fanebasert weblesing i staden for å starta Internet Explorer fleire gonger, vert det færre element på Oppgavelinja. Det kan vera ein fordel når du brukar ALT+TAB for å veksle til andre opne program.

Viss du vil opna ei URL-adresse i ei ny fane, kan du trykkja CTRL+T og skriva inn adressa. Viss du vil opna ei lenkje i ei ny fane, kan du trykkja CTRL+SKIFT+ENTER. Trykkjer du berre CTRL+ENTER vil sida bli opna i bakgrunnen, dvs. at du vert ståande på den sida du er.

Du kan trykkja CTRL+Q for å få opp ein hurtigmeny med alle faner som er opne. Du kan då pila høgre eller venstre mellom fanene. Du kan òg trykkja CTRL+tala frå 1 til 8 for å gå direkte til ei fane. Trykkjer du CTRL+9, går du direkte til siste opne fane.

## Skjema på websider

Mange websider inneholder såkalla "skjema" som kan fyllast ut. Eit døme på eit skjema kan vera innskrivingsfeltet på ei søkeside som t.d. Google. Skjema kan vera enkle eller svært kompliserte. I ein del tilfelle kan det vera vanskeleg å finna ut kva informasjon som skal fyllast ut i eit skjema. Eit skjema kan innehalda mange av dei same elementa som ein dialogboks i t.d. Microsoft Word. Det kan vera redigeringsfelt, kombinasjonsboksar, avkryssningsboksar, listeboxar, alternativknappar og kommandoknappar.

For å fylla ut eit skjema, må du i dei fleste tilfellene gå ut av lesemodus i Window-Eyes. Du kan slå lesemodus på eller av med kommandoen CTRL+SKIFT+A. Du kan også slå av lesemodus ved å trykkja ENTER når du t.d. står på eit redigeringsfelt. Du vil då høyra ein lyd som markerer at lesemodus er av. Slår du lesemodus på igjen, høyrer du ein litt djupare lyd. Brukar du TAB eller SKIFT+TAB for å flytta rundt på ei side, vil lesemodus bli slått automatisk på eller av.

Når lesemodus er slått av, brukar du den vanlege skrivemarkøren i staden for den virtuelle markøren. Sidan Window-Eyes brukar bokstavkommandoar for å hoppa til ulike element på websider, vil du hamna på heilt andre stader enn der søkefeltet er viss du prøver å skriva mens du er i lesemodus. Ønskjer du t.d. å søkja på ordet "Huseby" i ei avis og skriv H i lesemodus, vil Window-Eyes hoppa til neste overskrift på sida. (H er kommandoen for å hoppa til overskrift.) Du må då flytta lesemarkøren tilbake til redigeringsfeltet før du kan trykkja ENTER for å slå lesemodus av.

Ein del sjåande som underviser blinde i bruk av skjermlesar på Internett lar seg lura av at det er ein synleg markør på sida. Ofte vil rettnok lesemarkøren vera på same stad som den synlege markøren når du går inn på ei webside, men lesemarkøren kan enkelt flyttast til andre stader på sida ved at du t.d. les på sida. Viss lesemarkøren er flytta vekk frå redigeringsfeltet, nyttar det ikkje å trykkja ENTER for å gå ut av lesemodus. Du må først få lesemarkøren tilbake til redigeringsfeltet.

Det er ulike måtar å gå gjennom og utforska eit skjema på. Du kan bruka TAB-tasten, du kan pila gjennom skjemaet, eller du kan nytta bokstavkommandoar. Det beste ellersannsynlegvis å kombinera desse måtane for å få best mogeleg oversikt over skjemaet.

I Internet Explorer kan du få spørsmål om du ønskjer å slå på autofullfør. Når autofullfør er aktivert, vil programmet koma med forslag når du skriv på adresselinja eller i innskrivingsfeltet. Når du skriv nokre bokstavar i eit innskrivingsfelt, vil det koma opp ei liste med forslag som du kan velja frå. Når du skriv ei adresse på adresselinja, prøver programmet å fullføra adressa. Dette vert vist på leselista, men talen les det ikkje. Å ta handa ned frå tastaturet for å sjekka kva som står på leselista når ein skriv ei relativt kort adresse er ikkje særleg effektivt.

For mange vil det kanskje vera like enkelt å slå av autofullfør slik at ein unngår heile problemet. Det kan ein gjera slik:

Trykk ALT+E for å gå inn på Verktøy-menyen.

Vel Alternativer(R).

Trykk CTRL+TAB til fanearket Innhold.

Trykk ALT+N for Innstillinger for Autofullfør.

Fjern kryssa i boksane, og trykk OK.  
Trykk OK igjen.

## Arbeida med ulike skjemakontrollar

Window-Eyes har mange avanserte mogelegheiter for å finna ulike skjemakontrollar på ei side. Programmet har kommandoar for å gå direkte til dei fleste skjemakontrollar på ei side. I tillegg kan du òg velja om du vil hoppa til f.eks. avkryssingsboksar som er avkryssa eller som ikkje er avkryssa. I dialogboksen for sidenavigering (INSERT+TAB) kan du òg få opp ei liste over skjema på sida eller ei liste over skjemakontrollar.

Den generelle kommandoen for å hoppa frå element til element i eit skjema på ei side er F (form). Med denne kommandoen kan du altså finna både redigeringsfelt, knappar, avkryssingsboksar, kombinasjonsboksar osv. Viss du synest det er vanskeleg å hugsa alle kommandoane for å gå direkte til dei ulike skjemakontrollane, gjer F nytten.

Den skjemakontrollen du sannsynlegvis oftast har bruk for å finna, er innskrivingsfelt (redigeringsfelt). Slike felt finst på alle sider der det er behov for å skriva inn noko. Kommandoen for å finna redigeringsfelt er E (edit field). Når du har funne eit redigeringsfelt med kommandoen E, må du trykkja ENTER før du kan begynna å skriva. Du høyrer då ein lyd som viser at du har gått ut av lesemodus og inn i skrivemodus.

Dersom det er ein synleg markør i redigeringsfeltet når du går inn på ei ny side, vil lesemarkøren ofte gå rett til redigeringsfeltet, og Window-Eyes vil gå ut av lesemodus og rett i skrivemodus. Du høyrer då same lyden som når du trykkjer ENTER for å gå ut av lesemodus. Du må då trykkja CTRL+SKIFT+A for å koma i lesemodus. I slike tilfelle kan det henda at det du er interessert i, står over lesemarkøren. Du må då trykkja CTRL+HOME før du begynner å leita etter det du ønskjer å lesa.

Med kommandoen B kan du gå direkte til ein kommandoknapp på ei side. Kommandoknappar er knappar som utfører ei handling direkte som søk-knapp, OK-knapp osv. I ein del tilfelle kan det vera svært nytig å kunna hoppa direkte til slike knappar.

Når det gjeld alternativknappar (radioknappar), avkryssingsboksar og kommandoknappar, er det òg mogeleg å arbeida med desse når du er i lesemodus. Du kan velja ein knapp i ei gruppe med alternativknappar (radioknappar) ved å trykkja MELLOMROM på knappen. Dersom du skal kryssa av for kjønn, kan du anten trykkja MELLOMROM på mann eller kvinne. Det er òg mogeleg å trykkja ENTER på det rette valet, men då går du ut av lesemodus samtidig.

Komandoen for å gå direkte til alternativknappar er R (radio buttons). For å gå direkte til avkryssingsboksar brukar du X (check box). Det finst òg kommandoar for å gå direkte til avkryssa eller uavkryssa alternativknappar og avkryssingsboksar. Dette kan du lesa meir om i manualen til Window-Eyes viss det skulle vera behov for det.

På ein del sider kan ein finna kombinasjonsbokser. Dette kan t.d. vera nedlastingssider der ein skal velja kva land ein er frå. Når dette vert skrive, finst det fleire slike bokser på [www.nlb.no](http://www.nlb.no) | Boksøk/MappaMi | Avansert søk. Kommandoen for å finna kombinasjonsbokser er C.

Den beste måten å gjera val på i ein kombinasjonsboks er å trykkja ENTER for å gå ut av lesemodus og ALT+PIL NED for å opna boksen. Du kan pila opp eller ned eller brukar forbokstaven til det valet du vil gjera. Skal du t.d. endra valet til "forfatter" i første boksen på sida for avansert søk på [www.nlb.no](http://www.nlb.no) går du fram slik:

Trykk C for å finna kombinasjonsboksen.

Trykk ENTER for å gå ut av lesemodus.

Trykk ALT+PIL NED for å opna rullegardinmenyen.

Trykk F til du kjem til forfatter.

Den raskaste måten å finna Norway på i ein kombinasjonsboks som inneholder ei liste med land kan ofte vera å trykkja o. Deretter kan du pila ein gong opp. Grunnen er at det ofte er svært mange val som begynner med bokstaven n.

Av og til kan du koma borti bokser der det er mogeleg å gjera fleire val. Dette er ein variant av ein kombinasjonsboks. For å slå på "fleirvalsmodus" må du brukar Internet Explorer-kommandoen SKIFT+F8. Du får ingen annan indikasjon på at fleirvalsmodus er slått på enn at det no er mogeleg å gjera fleire val i boksen. For å velja kan du pila nedover i boksen og trykkja MELLOMROM-tasten.

I mange tilfelle kan skjema vera laga på ein feil måte slik at det er umogeleg for skjermlesaren å finna ut kva tekst som hører til skjemakontrollen. Trykkjer du TAB for å koma til neste skjemakontroll i eit skjema som du skal fylla ut, seier talen kanskje berre "redigeringsfelt" eller "kombinasjonsboks". I slike tilfelle kan det ofte vera lurt å gå tilbake til lesemodus med kommandoen CTRL+SKIFT+A. Du kan då lesa teksten som står før og etter skjemakontrollen. I ein del tilfelle må du kanskje gå inn og ut av lesemodus fleire gonger for å greia å fylla ut skjemaet korrekt.

## Merka og kopiera tekst

Når du brukar Window-Eyes i lesemodus, kan du merka tekst om lag på same måte som i Microsoft Word. Du kan halda ned SKIFT-tasten og brukar ein kommando for å flytta markøren. Du kan brukar kommandoane:

SKIFT+PIL VENSTRE eller PIL HØGRE,

CTRL+SKIFTL+PIL VENSTRE eller HØGRE,

SKIFT+PIL OPP eller NED,

SKIFT+PAGE UP eller PAGE DOWN,

SKIFT+HOME eller END,

CTRL+SKIFT+HOME eller END.

Skal du merka og kopiera tre linjer, kan du halda nede SKIFT samtidig som du pilar nedover tre linjer.

Du brukar CTRL+C for å kopiera og limer inn på vanleg måte med CTRL+V.

Viss du vil merka all tekst på ei side, kan du trykkja CTRL+A.

## Ulike språk på websider

Dersom du har ein talesyntese med fleire språk, kan Window-Eyes skifta automatisk mellom desse språka på ei webside. Eloquence, som følgjer med Window-Eyes, inneholder t.d. språka amerikansk engelsk, britisk engelsk, spansk, fransk, tysk, italiensk, portugisisk og finsk. Viss du les ei side på engelsk med Eloquence, og det kjem eit sitat på tysk, vil talen automatisk veksle til tysk og lesa sitatet på tysk. For at dette skal fungera, må sida ha korrekt språkkoding.

Dette fungerer berre med talesynteser som inneholder fleire språk. Den norske stemma som følgjer med Window-Eyes er Realspeak Nora. Det følgjer ikkje fleire språk med denne stemma, og det fungerer difor ikkje med automatisk språkendring. Dersom du har Infovox på pc-en med fleire språk, eller ein annan norsk talesyntese som òg har andre språk, vil dette fungera.

Sjølv om det kan verka enkelt og lettvint at Window-Eyes skiftar språk automatisk, er det òg ein del ulemper med det. Du vil kanskje at talen skal snakka relativt fort på norsk. På engelsk eller eit anna språk vil nok dei fleste derimot at talen skal vera langsamare. Dette får du ikkje til når språket skiftar automatisk. Eit anna "problem" kan vera at begge talesyntesene snakkar. Den norske stemma vil seia ordet "lenke" eller "overskrift" eller "blank" når det er ei tom linje, mens t.d. den engelske stemma les sjølve teksten. Mange synest at det kan vera slitsamt når talesyntesene vekslar slik heile tida.

Eit anna problem kan oppstå i tilfelle der det er feil språkkode i HTML-koden. Dersom t.d. ein franskmann eller ein nordmann har laga ei side på engelsk, kan sida ha fransk eller norsk språkkode. Talesyntesen vil då automatisk skifta til fransk eller norsk, og du får ikkje lese sida på engelsk.

Det enkleste er å skifta språk sjølv når det er behov for det. I Window-Eyes 7 og seinare versjonar følgjer det med ekstra småprogram som vert kalla apps (tidlegare script). Ein av desse "appane" heiter Voice Rotor. Du kan setja opp dette programmet slik at du kan bruka eit enkelt tastetrykk for å byta mellom ulike språk eller talesynteser. Kvar talesyntese kan ha sine eigne innstillingar. Den norske talen kan då lesa raskare enn den engelske.

Standard tastekommando for å byta mellom språk i Voice Rotor er WINDOWS+F2.

For å setja opp Voice Rotor med ulike språk og stemmer, kan du gå fram slik:  
Trykk CTRL+OMVENDT SKRÅSTREK for å gå inn i kontrollpanelet til Window-Eyes.

- Trykk ALT+A for å opna Appmenyen.
- Pil eller trykk V til du finn Voice Rotor.
- Opna undermenyen med ENTER eller PIL HØGRE.
- Vel Valg og innstillinger i undermenyen.
- Finn den første talesyntesen du ønskjer å leggja til.
- Trykk ALT+T for å leggja den til.
- Finn neste talesyntese og legg til med ALT+T.
- Trykk ALT+L for Lagre og ALT+U for Lukk.

## Plassmerke

I Window-Eyes kan du setja såkalla plassmerke på ei side. Eit plassmerke er eit slags bokmerke som du kan bruka for å finna ein bestemt stad på ei webside. Du kan setja både mellombelse og faste plassmerke.

Kommandoen for å opna dialogboksen for plassmerke er CTRL+SKIFT+K. I dialogboksen kan du kryssa av om plassmerket skal vera mellombels (midlertidig). Dette er som standard ikkje avkryssa. Eit mellombels plassmerke vil forsvinna når du avsluttar Window-Eyes. Permanente plassmerke vert lagra på pc-en og kan brukast fleire gonger.

Plassmerke kan du bruka på sider der det er faste stader på sida du vil finna fram til fleire gonger. Eit døme kan vera Google si resultatside. Når du har søkt med Google, får du opp ei resultatside. Eit stykke nede på sida står det: "Søkeresultater". Rett under denne teksten står dei aktuelle treffa. Du kan då setja eit plassmerke på linja der det står "Søkeresultater", og kvar gong du har søkt på noko, kan du trykkja K for å koma direkte til resultata.

Plassmerke kan knytast til eit bestemt linjenummer på sida, eller det kan knytast til linjenummer og tekst. Window-Eyes kan òg søkja på heile sida etter den teksten som er knytt til plassmerket. Vil du t.d. setja eit plassmerke ved ordet "Søkeresultater" på Google, bør du ikkje knyta dette til eit linjenummer. Staden på sida der ordet "Søkeresultater" står, kan variera etter kor mange annonser som kjem over søkeresultata. Det beste vil nok vera å knyta plassmerket til det som heiter "Posisjon i forhold til: Linjenummer og tekstsøk". Då vil Window-Eyes søkja på heile sida etter teksten "søkeresultater".

For å setja eit plassmerke ved ordet «søkeresultater» på Google kan du gå fram slik:

- 1 Opna [www.google.no](http://www.google.no) og søk etter eit emne.
- 2 Finn ordet "Søkeresultater" på sida.
- 3 Trykk CTRL+SKIFT+K for å opna dialogboksen for plassmerke.
- 4 Window-Eyes foreslår eit namn på plassmerket. Namnet er det same som ordet eller linja lesemarkøren står på. Viss du synest dette er greitt, kan du trykkja TAB til neste felt.
- 5 Window-Eyes foreslår ein hurtigtast for plassmerket. Det kan vera inntil ni hurtigtastar på ei side. Å bruka hurtigtastar for å finna plassmerke er mest aktuelt når du har mange merke på same sida.
- 6 Neste felt er om plassmerket skal vera mellombels eller ikkje. Du kan kryssa av her viss du ikkje skal bruka merket i framtida.
- 7 Neste felt spesifiserer kor mange linjer talen i Window-Eyes skal lesa når du finn plassmerket. Standard er at talen les fem linjer automatisk, men mange vil nok ønskja å berre høyra den aktuelle linja og så gå vidare med leselista eller lesekommandoar for talen. Skriv: "1" viss du vil at talen berre skal lesa ei linje.
- 8 I neste felt er det to radioknappar der du bestemmer om plassmerket berre skal gjelda for den aktuelle sida eller for alle sider på domenet. Viss du vel "Bruk på nettside", vil plassmerket berre fungera for det du har søkt på denne eine gongen. Grunnen er at adressa til sida endrar seg etter kva du søker på. Du bør difor velja "Bruk på: Domene". Då vil plassmerket fungera same kva du søker etter på [www.google.no](http://www.google.no). Du endrar dette valet med piltast.

- 9 I neste felt står teksten som Window-Eyes skal søkja etter for å finna plassmerket. Denne teksten kan du redigera viss det er nødvendig.
- 10 Neste felt heiter "Posisjon i forhold til". Det er tre radioknappar der du bestemmer om Window-Eyes kun skal gå til eit bestemt linjenummer, om programmet skal gå til linjenummer og tekst, eller om det skal gå til eit linjenummer og søkja etter teksten. Det ser ut til at det tredje alternativet fungerer best i dei fleste tilfella. Du kan endra valet med PIL OPP eller NED.
- 11 Du kan no trykkja TAB til "Legg til" og ENTER for å leggja til plassmerket.

Viss du har ei side med mange plassmerke, kan du bruka hurtigtastar for å gå til dei enkelte merka. Du kan ha opptil ni hurtigtastar på ei side. Hurtigtastane vert nummererte automatisk frå 1 til 9, men du kan endra nummereringa om du vil. For å lesa eit plassmerke kan du trykkja talet for merket pluss J. Skal du lesa det tredje plassmerket på ei side, trykkjer du altså 3J. Du må trykkja J ein gong til for å flytta lesemarkøren til plassmerket. Det trengst altså tre tastetrykk for å flytta lesemarkøren til eit plassmerke på denne måten.

Bokstaven K vert brukt for å flytta frå plassmerke til plassmerke på ei side. Har du tre eller færre plassmerke på ei side, vil du finna det du leiter etter minst like raskt ved å trykkja K raskt fleire gonger som ved å trykkja eit tal pluss J to gonger.

## Nedlasting av filer

Når du skulle lasta ned ei fil med Internet Explorer 8 og tidlegare versjonar, kom du inn i ein dialogboks der du vart spurta om du ville opna eller lagra fila. Slik er det ikkje lenger. Trykkjer du på ein knapp eller ei lenkje for nedlasting på ei webside i Internet Explorer 9 eller seinare versjonar, kjem det opp eit lite vindauge (ei varslingslinje) på botnen av skjermen.

Window-Eyes vil spela av ein lyd for å markera at varslingslinja har kome opp. Alt etter korleis programmet er innstilt, kan det òg henda at talesyntesen les informasjonen på varslingslinja. Viss informasjonen ikkje vert lesen, kan du få programmet til å lesa det som står ved å trykkja INSERT+N.

For å setja fokus på varslingslinja, trykkjer du ALT+N. Du står då som oftast på den knappen som heiter Åpne. For å koma til Lagre, trykkjer du TAB ein gong.

Knappen Lagre er ein knapp av den typen som Window-Eyes kallar splittknapp. Slike knappar vert òg kalla «deleknapp». Dei fungerer som ein slags kombinasjon av ein knapp og ein meny. Trykkjer du ENTER på denne knappen, blir fila lagra i mappa Nedlastinger på datamaskinen. Viss du vil lagra i ei anna mappe, kan du trykkja PIL NED når du står på Lagre. Då opnar det seg ein meny der du mellom anna har valet Lagre som. Når du trykkjer ENTER på dette valet, kjem du inn i ein dialogboks som liknar på dialogboksen for å lagra dokument i t.d. Microsoft Word. Her kan du bestemme både kva fila skal heita og kvar du vil lagra.

Når nedlastinga er ferdig, kjem det opp ei ny varslingslinje der du kan velja om du vil opna fila du har lasta ned, eller om du vil opna Nedlastinger. Her trykkjer du òg ALT+N for å få fokus på varslingslinja. Viss du ikkje vil gjera noko, trykkjer du berre TAB til Lukk og ENTER for å lukka varslingslinja.

Når du prøver å lasta ned visse filtypar, kan det henda at fila opnar seg automatisk i Internet Explorer i staden for at du får moglegheit til å lasta ned. Dette kan t.d. skje med Microsoft Word-dokument, PDF-dokument eller lydfiler. Viss du vil lasta ned dokumentet i staden for å opna det, kan du plassera lesemarkøren på lenkja/knappen. Så kan du trykkja hurtigmenytasten (tasten til venstre for høgre kontrolltast) eller SKIFT+F10. I menyen du då får opp, kan du velja Lagre mål som.

## RSS på websider

RSS-feedar (Really Simple Syndication) gjer at ein kan abonnera på oppdatert informasjon frå mange websider. Internet Explorer 7 og seinare versjonar sjekkar om det er feedar når du kjem inn på ei webside. Ein RSS-feed kan bestå av artiklar frå ei avis eller andre media, men det kan òg vera lydfiler, t.d. kan ein abonnera på mange podkastar frå NRK.

For å finna ut kva feedar som finst og abonnera på ein feed, kan du gå fram slik:  
Trykk ALT+E for å gå inn på menyen Verktøy.

Vel feed-søk (E).

Du kjem inn i ein undermeny med feedar. Trykk ENTER på ønska feed.

Trykk ALT+E for Verktøy.

Vel Abonner på denne feeden(F).

Du kjem inn i ein dialogboks der du kan gi feeden eit namn, bestemma kva mappe feeden skal plasserast i m.m. Du kan her gjera dei vala du ønskjer, og deretter trykkja TAB til knappen Abonner(B).

Trykk ENTER.

For å sjekka dei feedane du abоннерer på, kan du trykkja CTRL+SKIFT+G. Du kjem då inn i ei trevising med alle feedane under kvarandre. Viss det er kome noko nytt i ein feed står det "(ny)" bak namnet på feeden.

RSS-feedar er ein svært effektiv måte å halda seg oppdatert på. I staden for å gå inn på mange websider og lesa for å sjekka om det er kome noko nytt, kan du ganske enkelt trykkja CTRL+SKIFT+G, pil nedover i lista og sjekka om det står "(ny)" bak namna på feedane.

For å lesa ein feed, trykkjer du ENTER når du står i lista over feedar. Du kjem då som oftast inn på ei enkel webside med overskrifter, dato for artikkelen, lenkje til heile artikkelen og eit kort utdrag. Korleis sida ser ut, er avhengig av den som har laga feeden. Det er i og for seg ingenting i vegen for at du finn ein heil artikkelen på sida, men det vanlegaste ser ut til å vera at det står eit par linjer og lenkje til artikkelen. Når du går inn på lenkja til ein artikkelen, kjem du inn på den vanlege websida artikkelen er henta frå. Når du har lese artikkelen, kan du bla tilbake med ALT+PIL VENSTRE på normal måte.

Når dette vert skrive, kan ein abonnera på mange radioprogram via RSS. Du kan m.a. finna desse ved å gå inn på [www.nrk.no/podcast](http://www.nrk.no/podcast). Andre kanalar kan òg ha eit liknande tilbod. Når du har abonnert på eit radioprogram på [www.nrk.no/podcast](http://www.nrk.no/podcast) får du opp ei side med kort omtale av programmet og ei lenkje for å høyra på mp3-fila. Det er òg mogeleg å lasta ned fila og kopiera til ein mp3-spelar eller DAISY-spelar.

Trykkjer du ENTER på lenkja, vil Windows Media Player eller eit tilsvarende program starta, og fila vert spela av. For å lasta ned, må du stå med lesemarkøren på lenkja. Så kan du anten trykkja hurtigmenytasten (til venstre for høgre kontrolltast) eller SKIFT+F10. Så kan du velja "Lagre mål som" i menyen som kjem opp. Du kjem då inn i den vanlege dialogboksen der du kan bestemme filnamn og kvar fila skal lagrast. Kor lang tid det tar å lasta ned ei slik lydfil kjem an på breibandet du har.

## Nettbank og BankID

Det finst to typar BankID. Det er banklagra BankID og BankID på mobil. Den vanlegaste er banklagra BankID. Her er BankID lagra hos NETS (tidligere Bankenes Betalingssentral, BBS).

Viss du har banklagra BankID, brukar du fødselsnummer, den koden du får frå sikkerheitskortet og det personlege passordet du har valt for å få tilgang til din BankID.

Mange trur at Sikkerheitskortet er det same som BankID, men BankID er det elektroniske sertifikatet som er lagra sentralt hos NETS.

Etter at fleire bankar har kome med talande kodebrikker, er det no mogeleg å bruka nettbank sjølv om ein er blind. Andre løysingar som finst, er kodekort med trykte eingongskodar. Slike kodar kan skannast og lagrast på pc-en. Enkelte bankar har òg ei ordning der du kan få eingangskode på SMS.

BankId kan brukast til fleire ulike føremål som:

- innlogging og betaling i nettbank
- endring av adresse hos Posten
- betaling på Internett
- gi bod hvis du skal kjøpa eigedom
- innlogging på kommunale nettsider
- innlogging på Altinn.

Ein føresetnad for å bruka BankID er at du brukar Javabasert BankID-programvare: BankID-programvara er ein digitalt signert Java-applet som vert lasta ned på pc-en til brukaren kvar gong BankID vert bruka.

Programvara vert lasta ned og kjørt i Internet Explorer. Den kommuniserer kryptert med nettstaden som brukaren kommuniserer med.

For å nytta BankID-programvara må brukaren ha mogelegheit til å lasta ned og kjøra både signerte og usignerte Java-applets.

Eit problem med å bruka BankID er at du ikkje får nokon tilbakemelding verken på leselist eller med tale. Det går greitt å skriva fødselsnummer for å logga inn i nettbank, men så vert BankID lasta ned der du skal skriva eingangskode og passord. Når du veit at du skal skriva eingangskode, trykkja ENTER og skriva passord, kan dette gå bra utan tilbakemelding, så lenge ikkje noko vert endra. Men med ein gong det skjer ei endring, er du avhengig av sjåande hjelpe for å få ei forklaring på kva du

skal gjera. Tidlegare var det t.d. slik at du skulle trykkja TAB i staden for ENTER etter at du hadde skrive eingangskoden. Då dette vart endra, var det sjøvsagt umogeleg å koma seg inn i nettbanken utan sjåande hjelp første gongen.

## Bruka favorittar

Dersom du har mange sider du brukar å gå inn på, kan det vera ein fordel å leggja adressene på Favoritter. Det finst ein hurtigtast for å leggja ei side til i Favoritter. Det er CTRL+D. Tidlegare vart favoritten lagt direkte inn når du brukte denne kommandoen. I Internet Explorer 10 kjem du inn i same dialogboksen som når du går via menyen.

Kommandoen for å gå inn på menyen Favoritter er ALT+A. Du kan der velja Legg til i favoritter. Du kjem inn i ein dialogboks der du kan velja namn på favoritten, og du kan bestemme kva mappe favoritten skal leggjast i.

Det kan vera ein fordel å leggja favorittane i ulike mapper. Då vert det enklare å halda orden på dei. Du slepp å pila gjennom ei lang liste med favorittar for å finna den du ønskjer.

For å rydda opp i favorittane kan du bruka dialogboksen Ordne favoritter. Du kan anten trykkja CTRL+B eller finna valet på Favoritter-menyen (ALT+A). Når du kjem inn i denne boksen, er det viktig å vera merksam på at Window-Eyes er i lesemodus. Det er ein fordel å slå lesemodus av når du arbeider i denne boksen. Det gjer du med kommandoen CTRL+SKIFT+A.

Favorittane ligg i ein trestruktur. Du kan sletta favorittar, endra namn, flytta dei til mapper m.m. Når du har gått ut av lesemodus, fungerer denne dialogboksen som ein vanleg dialogboks. Du navigerer rundt i dialogboksen på same måte som i ein dialogboks i t.d. Microsoft Word.

# Kommandooversikt

## Hurtigtastar i Window-Eyes

### Generell navigasjon

Teikn til venstre	PIL VENSTRE
Teikn til høgre	PIL HØGRE
Ord til venstre	CTRL+PIL VENSTRE
Ord til høgre	CTRL+PIL HØGRE
Linje opp	PIL OPP
Linje ned	PIL NED
Til byrjinga av linja	HOME
Til slutten av linja	END
Til toppen av websida	CTRL+HOME
Til slutten av websida	CTRL+END
24 linjer opp	PAGE UP
24 linjer ned	PAGE DOWN
Les til slutten av dokumentet	SKIFT+CTRL+R

### Kommandoar for lesemodus

Neste lenkje	L
Forrige lenkje	SKIFT+L
Neste napp	B
Forrige knapp	SKIFT+B
Neste avkryssingsboks	X
Forrige avkryssingsboks	SKIFT+X
Neste kombinasjonsboks	C
Forrige Kombinasjonsboks	SKIFT+C
Neste element	F
Forrige element	SKIFT+F
Neste Redigeringsfelt	E
Forrige redigeringsboks	SKIFT+E
Neste radioknapp	R
Forrige radioknapp	SKIFT+R
Neste landemerke	PUNKTUM
Forrige landemerke	SKIFT+PUNKTUM
Neste tekst	N
Forrige tekst	SKIFT+N
Neste grafikk	G
Forrige grafikk	SKIFT+G
Neste ramme	M
Forrige ramme	SKIFT+M
Neste forskjellig linje	D
Forrige forskjellig linje	SKIFT+D
Neste besøkt elenkje	V
Forrige Besøkt elenkje	SKIFT+V
Neste anker	A
Forrige anker	SKIFT+A
Neste overskrift	H

Forrige overskrift	SKIFT+H
Neste avsnitt	P
Forrige avsnitt	SKIFT+P
Neste blokksitat	Q
Forrige blokksitat	SKIFT+Q
Neste liste	S
Forrige liste	SKIFT+S
Neste listeelement	I
Forige listeelement	SKIFT+I
Neste tabell	T
Forrige tabell	SKIFT+T
Gå inn i tabellmodus	CTRL+NUMPAD PLUSS
Gå ut av tabellmodus	CTRL+NUMPAD MINUS
Gå ut av alle tabellmodus	CTRL+SKIFT+BINDESTREK
Neste celle i raden	INSERT+PIL HØGRE
Forrige celle i raden	INSERT+PIL VENSTRE
Opp ei celle i kolonna	INSERT+PIL OPP
Ned ei celle i kolonna	INSERT+PIL NED
Slutten av raden	CTRL+INSERT+PIL HØGRE
Byrjinga av raden	CTRL+INSERT+PIL VENSTRE
Toppen av kolonna	CTRL+INSERT+PIL OPP
Botnen av kolonna	CTRL+INSERT+PIL NED
Overskriftsrotor	CTRL+SKIFT+H
Plassmerke dialog	CTRL+SKIFT+K
Neste plassmerke	K
Forrige plassmerke	SKIFT+K
Gå til plassmerke	J
Elementeigenskapar	INSERT+E
Sidenavigering	INSERT+TAB
Forrige posisjon	INSERT+R
Last automatisk	INSERT+A
Oppdateringsrotor	ALT+SKIFT+M
Lesemodus av/på	CTRL+SKIFT+A
Automatisk skjemamodus	CTRL+7

### Diverse kommandoar

Les sideoppsummering	CTRL+SKIFT+S
Søk etter tekst på sida	CTRL+SKIFT+F
Søk vidare etter teksten	INSERT+F
Flytt til linjenummer	CTRL+SKIFT+L
Oppdater lesemodus (last inn på nytt)	INSERT+OMVENDT SKRÅSTREK
Juster "Ordrikhet"	INSERT+V

## **Dei viktigaste hurtigtastane i Internet Explorer**

For å kunna bruka Internet Explorer effektivt, er det ikkje nødvendig å kunna alle hurtigtastane i programmet, men ein del hurtigtastar bør du læra deg. Her er ei liste over dei viktigaste.

Opna eit nytt webområde eller ei ny side	Ctrl+O
Gå til startsida	Alt+Home
Gå til neste side	Alt+Pil høgre
Gå til forrige side	Tilbake-tasten eller Alt+Pil venstre
Følgja ei lenkje	Mellomrom eller Enter
Oppdatera sida	F5
Lukka Internet Explorer	Alt+F4
Gå til toppen av sida	Ctrl+Home
Gå til slutten av sida	Ctrl+End
Opna ei ny fane	Ctrl+T
Lukka faner	Ctrl+W
Gå mellom faner	Ctrl+Tab
Opna menyen Favoritter	Alt+A
Leggja gjeldande side i Favoritter	Ctrl+D
Gå til varslingslinja	Alt+N

## Fullstendig liste over hurtigtastar i Internet Explorer 10

Denne lista over hurtigtastar er henta frå Internet Explorer sitt hjelpesystem. Det er nok ikkje alle tastekombinasjonane her som er like aktuelle for ein person som brukar Window-Eyes fordi det går an å utføra ein del handlingar raskare og meir effektivt med kommandoar i skjermlesaren. Nokre tastekombinasjonar – t.d. der du skal klikka med musa, - kan òg vera heilt uaktuelle å bruka når du er blind, men dei er likevel tatt med i lista.

### Dei mest populære hurtigtastane

Tabellen nedanfor viser dei mest brukte oppgåvene som du kan løysa med hurtigtastar i Internet Explorer.

Visa Adresse-linja	Alt+D
Opna ei ny fane	Ctrl+T
Lukka faner	Ctrl+W
Opna eit nytt InPrivate-visningsvindauga	Ctrl+Skift+P
Leggja til gjeldande side i Favoritter	Ctrl+D
Skriva ut gjeldande side	Ctrl+P
Oppdatera sida	F5

### Dei mest populære hurtigtastane for Internet Explorer for skrivebordet

Tabellen nedanfor viser dei mest brukte oppgåvene som du kan løysa med hurtigtastar i Internet Explorer for skrivebordet.

Opna ei ny fane	Ctrl+T
Byta mellom faner	Ctrl+tabulatortasten
Lukka faner	Ctrl+W
Opna eit nytt vindauga	Ctrl+N
Opna eit nytt InPrivate-visningsvindauga	Ctrl+Skift+P
Leggja til gjeldande side i Favoritter	Ctrl+D
Visa Favoritter	Ctrl+I
Skriva ut gjeldande side	Ctrl+P
Oppdatera sida	F5
Opna leserlogg	Ctrl+H
Sletta nettlesarlogg	Ctrl+Skift+DEL
Visa Nedlastinger	Ctrl+J
Henta Hjelp og støtte	F1

### Hurtigtastar for nettside for Internet Explorer for skrivebordet

Tabellen nedanfor inneheld hurtigtastar som vert brukte for å flytta seg rundt på nettsider i Internet Explorer for skrivebordet.

Opna eit nytt webområde eller ei ny side	Ctrl+O
Gå til startsida	Alt+Home
Gå til neste side	Alt+Pil høgre
Gå til forrige side	Tilbake-tasten eller Alt+Pil venstre
Flytta framover gjennom element på ei nettside (fungerer berre viss)	

fanebasert nettlesing er deaktivert)	Ctrl+tabulatortasten eller F6
Flytta bakover gjennom element på ei nettside (fungerer berre viss fanebasert nettlesing er deaktivert)	
Finna noko på denne sida	Ctrl+Shift+tabulatortasten
Veksla mellom fullskjermmodus og vanleg vising	Ctrl+F
Rulla til byrjinga av eit dokument	F11
Rulla til slutten av eit dokument	Pil opp
Hoppa til byrjinga av eit dokument	Pil ned
Hoppa til slutten av eit dokument	Side opp
Flytta til byrjinga av eit dokument	Side ned
Flytta til slutten av eit dokument	Home
Stoppa nedlasting av ei side	End
Lagra gjeldande side	ESC
Aktivera ei merka kopling	Ctrl+S
Visa ein hurtigmeny for ei kopling	Enter
Starta Synleg markør	Shift+F10
	F7

### Hurtigtastar for faner for Internet Explorer for skrivebordet

Tabellen nedanfor inneheld hurtigtastar som vert brukte for å arbeida med faner i Internet Explorer for skrivebordet.

Opna ei ny fane	Ctrl+T
Byta mellom faner	Ctrl+tabulatortasten eller Ctrl+Shift+tabulatortasten
Lukka gjeldande fane	Ctrl+W
Lukka andre faner	Ctrl+Alt+F4
Opna den siste fana du lukka på nytt	Ctrl+Shift+T
Duplikatkategori (opna gjeldande kategori i ny fane)	Ctrl+K
Opna ei ny fane i forgrunnen	Ctrl+T
Veksla mellom hurtigfaner på eller av	Ctrl+Q
Opna koplingar i ei ny fane i bakgrunnen	Ctrl+klikk
Opna koplingar i ei ny fane i forgrunnen	Ctrl+Shift+klikk
Byta til siste fane	Ctrl+9
Byta til eit bestemt fanenummer	Ctrl+n (der n er eit tal mellom 1 og 8)

### Hurtigtastar for zoom

Tabellen nedanfor inneheldhurtigtastar som vert brukte for å zooma.

Zooma inn (+10 %)	Ctrl+plussteikn
Zooma ut (-10 %)	Ctrl+minusteikn
Zooma til 100 %	Ctrl+0

### Hurtigtastar for søk

Tabellen nedanfor inneheld hurtigtastar som vert brukte for å søkja i Internet Explorer for skrivebordet.

Opna eit sok i forgrunnen frå adresselinja	Ctrl+E
Opna soket i ei ny fane	Alt+Enter
Opna adresselinja (for å visa logg, favorittar og søkerleverandørar)	Ctrl+Pil ned
Søkja med kopiert tekst	Ctrl+Shift+L

#### Hurtigtastar for utskrift for Internet Explorer for skrivebordet

Tabellen nedanfor inneholder hurtigtastar som vert brukte for å førehandsvisa og skriva ut nettsider med Internet Explorer for skrivebordet.

Skriva ut gjeldande side	Ctrl+P eller Alt+P
Endra papirformat, topptekst og bunntekst, sideretning og margar for denne sida	Alt+U
Visa første side som skal skrivast ut	Alt+Home
Visa den siste sida som skal skrivast ut	Alt+End
Visa neste side som skal skrivast ut	Alt+Pil høgre
Visa forrige side som skal skrivast ut	Alt+Pil venstre
Skriva nummeret på sida du vil visa	Alt+A
Angi korleis du vil at biletet skal skrivast ut	Alt+F
Lukka Forhåndsvisning	Alt+C

#### Hurtigtastar for adresselinja for Internet Explorer for skrivebordet

Tabellen nedanfor inneholder hurtigtastar som vert brukte for adresselinja i Internet Explorer for skrivebordet.

Merka teksten på adresselinja	Alt+D
Visa ei liste over adresser du har skrive inn	F4
Flytta markøren til venstre til neste mellomrom i setninga i adresselinja	Ctrl+Pil venstre
Flytta markøren til høgre til det neste mellomrommet i setninga i adresselinja	Ctrl+Pil høgre
Leggja til www. i byrjinga og .com i slutten av teksten som er skriven inn i adresselinja	Ctrl+Enter
Flytta bakover gjennom lista over Autofullfør-treff	Pil opp
Flytta framover gjennom lista over Autofullfør-treff	Pil ned

#### Hurtigtastar for verktøylinje for Internet Explorer for skrivebordet

Tabellen nedanfor inneholder hurtigtastar som vert brukte for å opna verktøylinjemenyar i Internet Explorer for skrivebordet.

Opna Startside-menyen	Alt+M
Opna Skriv ut-menyen	Alt+R
Opna Verktøy-menyen	Alt+O
Opna RSS-menyen	Alt+J
Opna Sikkerhet-menyen	Alt+S
Opna Hjelp-menyen	Alt+L

### **Hurtigtastar for favorittar, logg og feedar for Internet Explorer for skrivebordet**

Tabellen nedanfor inneholder hurtigtastar som vert brukte for å arbeida med favorittar, logg og feedar i Internet Explorer for skrivebordet.

Opna Favoritter-senteret og visa favorittane	Alt+C
Opna menyen Legg til favoritter	Alt+Z
Opna dialogboksen Ordne Favoritter	Ctrl+B
Flytta merka element opp i Favoritter-lista (i dialogboksen Ordne Favoritter)	Alt+Pil opp
Flytta merka element ned i Favoritter-lista (i dialogboksen Ordne Favoritter)	Alt+Pil ned
Opna Favoritter-senteret og visa loggen	Ctrl+H
Festa Favoritter-senter og visa loggen	Ctrl+Skift+H
Opna Favoritter-senteret og visa feedane	Ctrl+Skift+J
Opna Favoritter-menyen frå menylinja	Alt+A
Opna Favoritter-senteret og visa feedane	Ctrl+Skift+J
Opna Abonner på feed (i feedvising)	Alt+Z

### **Hurtigtastar for redigering av nettside for Internet Explorer for skrivebordet**

Tabellen nedanfor inneholder hurtigtastar som vert brukte for å redigera nettsider i Internet Explorer for skrivebordet.

Kopiera merka element til utklippstavla	Ctrl+C
Klippa ut merka element, og kopiera dei til utklippstavla	Ctrl+X
Lima inn valte element frå utklippstavla	Ctrl+V
Merka alle element på gjeldande nettside	Ctrl+A
Opna Internet Explorer Developer-verktøy	F12

### **Hurtigtastar for varslingslinja for Internet Explorer for skrivebordet**

Tabellen nedanfor inneholder hurtigtastar som vert brukte for å arbeida med varslingslinja i Internet Explorer for skrivebordet.

Flytta fokus til varslingslinja	Alt+N
Klikka varslingslinja	Mellomrom







**Statped sørøst**  
Postboks 4416 Nydalen  
0403 Oslo

## Internet Explorer med Window-Eyes

Dette heftet er først og fremst skrive med tanke på lærarar i grunnskulen og vaksenopplæringa som skal undervisa personar som er blinde, i bruk av skjermlesaren Window-Eyes med Internet Explorer. Men det kan òg fint brukast av synshemma som anten har Window-Eyes og ønskjer å læra meir, eller av personar som har ein annan skjermlesar, og som no ønskjer å utforska eit "gratis" alternativ.

I januar 2014 vart Window-Eyes gratis for alle brukarar av Microsoft Office 2010 og seinare versjonar.

ISBN trykt utgåve: 978-82-323-0106-6

ISBN elektronisk utgåve: 978-82-323-0107-2

2014